

Møteinnkalling

Utval: **Jostedalsbreen nasjonalparkstyre**

Møtestad: Jostedal Hotell

Dato: 24.06.2013

Tidspunkt: 10:30

Eventuelt forfall må meldast snarast på e-post eller tlf. 57 64 31 28 / 41 14 38 62.
Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

| Utvals-saksnr | Innhald | Lukka | Arkiv-saksnr |
|---------------|---|-------|--------------|
| ST 19/13 | Godkjenning av innkalling og dagsorden | | |
| ST 20/13 | Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll | | |
| ST 21/13 | Jostedalsbreen nasjonalpark - Mogleg flytting av forvaltningsknutepunkt | | 2013/2094 |

ST 19/13 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 20/13 Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll frå førrre møte

Arkivsaksnr: 2013/2094-0

Saksbehandlar: Steinar Lund

Dato: 17.06.2013

| Utval | Utvalgssak | Møtedato |
|----------------------------------|------------|------------|
| Jostedalsbreen nasjonalparkstyre | 21/13 | 24.06.2013 |

Jostedalsbreen nasjonalpark - Mogleg flytting av forvaltningsknutepunkt

Innstilling frå forvaltaren

Nasjonalparkforvaltaren legg fram saka utan innstilling.

Saksopplysningar

I styresak 15/13 på møte 24.5.2013 blei det gjort følgjande vedtak:

«Saka blir utsett i påvente av grundigare gjennomgang av ordninga med forvaltningsknutepunkt. Saka blir sett opp på eit møte i nasjonalparkstyret 24. juni i Jostedalen i samband med gjenopning av Breheimssenteret. Til møtet skal nasjonalparkforvaltaren utarbeide saksframlegg som også skal innehalde:

- Ein skriftleg uttale frå fylkesmiljøvernsjef Nils Erling Yndesdal om arbeidsgjevaren sine vurderingar av arbeidssituasjonen for forvaltaren, og hans syn på framtidig plassering av forvaltningsknutepunkt.
- Skriftleg dokumentasjon frå Luster kommune om kva fasilitetar dei tilbyr i rådhuset i Gaupne; kontor, møterom, fagmiljø.
- Ein skriftleg uttale frå John Brekke, dagleg leiar på Bremuseet, om deira bidrag til ei mogleg utvikling av forvaltningsknutepunktet i Fjærland. Aktuelle problemstillingar er mogleg nye arbeidsplassar som kan bidra til å bygge opp eit fagmiljø, og andre sider ved kontormiljøet.»

Følgjande dokument er vedlegg til saka:

- **Oppmoding om å flytte forvaltningsknutepunkt for Jostedalsbreen nasjonalpark frå Fjærland til Gaupne – notat til styremøte 24.06.2013 –**
Fylkesmiljøvernsjef Nils Erling Yndesdal
- **Gjeld flytting til kontor i Luster rådhus –** Luster kommune
- **Ein uttale frå Norsk Bremuseum kring knutepunktrolla i dag og framtidige planar –** John Brekke, Norsk Bremuseum

Vurdering

Uttale frå Norsk Bremuseum, Luster kommune og fylkesmiljøvernsjef Nils Erling Yndesdal er innhenta, og lagt ved saka. Dei punkta styret ba om å få innspel om frå dei tre er etter mi meining gjort godt greie for i dei tre vedlegga til saka. Ut over dette viser eg til saksframleggget mitt i sak 15/13 på førre styremøte for mine vurderingar i saka. Eg er ikkje i tvil om at Gaupne som forvaltningsknutepunkt vil vere til det beste for nasjonalparken og nasjonalparkforvaltaren.